



DEN  
NATIONALE  
SCENE

FRODE GRYTTEN

# MENN SOM INGEN TRENG



# KJÆRE PUBLIKUM

Fleire av forteljingane vi delar med publikum denne sesongen handlar om korleis vi rommar skilnadar oss imellom. Det er lett å få auge på konfliktar, men det er kanskje vanskelegare å få auge på kvarandre?

Slik eg ser det, treng vi kvarandre meir enn nokon gong. Vi treng trua på kvar enkelt sin verdi og vilje til å møte utfordringar saman på tvers av ulikskap. Frode Grytten sin nyskrivne tekst løftar fram menneske som av ulike grunnar har hamna litt utanfor rammene til storsamfunnet og som kvar på sin måte leitar etter korleis dei skal vere menn og menneske. Sjølv synes eg sterkt tekstu, vakker musikk og menn til å bli glad i er ei god treeining. Eg håpar du vil ta godt imot deira historier.

For på DNS denne våren fell lyset på nokre av dei vi kanskje elles ikkje ville sjå eller lytte til. Eg håpar folk vil gå i frå oss med håp og mot – og mindre åleine enn då vi kom inn.

Hjarteleg velkommen!



**Solrun Toft Iversen**  
Teatersjef



Menn som ingen treng : av Frode C



24g042366



# PÅ SCENEN



**Terje Ranes**  
Mann (63)



**Jon Ketil Johnsen**  
Mann (50)



**Kristoffer Sagmo  
Aalberg**  
Mann (45)




**Hugo Mikal Skår**  
Mann (39)



**Jonatan Filip**  
Mann (33)



**Jonas Fuglevik Urstad**  
Mann (24)



**Teo Tomczuk**  
Mann (19)

## Strykekvartett:

Mara Haugen (1. violin), Jang Soohyun April (2. violin), Oddhild Louise Nyberg (bratsj) og Carmen Boveda (cello)

## Livemix/sampling:

Eirik Sundaran Blåsternes

# SANGER I FORESTILLINGEN

CITY OF DREAMS	Bill Fay
I WOULD DIE 4 U	Prince
WHITE ELEPHANT	Nick Cave /Warren Ellis
BOYS KEEP SWINGING	David Bowie
LAST NIGHT I DREAMT THAT SOMEBODY LOVED ME	The Smiths
MISSING	Bruce Springsteen
HELL BROKE LUCE	Tom Waits
GMT	Oliver Sim
INFECTED	TheThe
NO ONE KNOWS I'M GONE	Tom Waits
THE RIVER	Bruce Springsteen
BALCONY MAN	Nick Cave/Warren Ellis
DANCIN'	Chris Isaak



# JÆKLA MENN

av Frode Grytten

Ein av karakterane i dette stykket snakkar om den gong han var gut. Då sa dei: ein mann grin ikkje. No seier dei: ein mann *må* grine for å vere maskulin. Men for karakteren tar det tjue år før gråten kjem, tjue år frå den definérande hendinga i livet til han reagerer emosjonelt på kva som skjedde.

Den gråtande vaksne liknar eit barn, ofte på urovekkande vis. Sjølvagt fordi den vaksnes gråt, og særlig *menns gråt*, er eit brot med sosiale konvensjonar. Det er forventa at ungar grin, mens dei vaksnes gråt er ein brest og ei revne, ein uventat detonasjon.

Ein gråtande mann liknar barnet eller fosteret i mors mage. Rørlene er avgrensa og primitive, hendene blir reduserert til noko som klamarar og klyngar. Men barnet grin i protest, i opprør over den ytre verda, mannen *grin for seg sjølv*, grin over sine eigne mistak og sine eigne feil og si manglande evne til sjølv å styre sin skjebne.

Tittelen til dette stykket er eigentlig rappa frå Peter Gabriels "Don't Give Up". Denne nydelige songen handlar om England på åttiålet, om alle mennene som blei til overs den gong statsminister Margaret Thatcher gikk til angrep på industribyane i nord. Om menn, kvinner, familiar og heile samfunn som blei råka og redusert og bagatellisert.  
Som Gabriel syng:

“*For every job, so many men/  
So many men no-one needs.*”

Songen er forma som ein duett med Kate Bush, og den kjente videoen til songen er heilt minimalistisk, i meir enn seks minutt klamarar dette paret seg til kvarandre mens sola blir formørka bak dei: den sårbare og fortvilte mannen, den trøstante og støttande kvinnen. Vi ser siluetten av dei to, korleis dei tar vare på kvarandre, korleis mannen nettopp er redusert til eit klamrande og klemmande

vesen, nesten som ein liten gut som har mista kontrollen over seg sjølv, men som blir heldt oppe av kvinnen.

Peter Gabriel skreiv songen etter å ha sett Dorothea Langes fotografi i boka *In This Proud Land*, der Lange på klassisk vis dokumenterer kvardagslivet for amerikanarar under og etter depresjonen. Han ville seie noko om korleis ytre tilhøve verkar inn på det private, korleis økonomien og politikken siv inn i ekteskap og familieliv, korleis manglande visjonar og empati i fellesskapet kan gjøre individet uønska og sjølvdestruktivt.

Denne utelatinga, å velge bort delar av befolkninga, å redusere vanlige folk til arbeidsflokk, til konsumentar, til stemmekveg, til soldatar, til case eller til eksempel, er i dag både høgst synlig og høgst godtatt. Det er den rådande ideologien, at det er individets oppgåve å skape seg sjølv, vere den beste versjonen av seg sjølv, lage si eiga historie, ha nok drivkraft, ta seg vidare på eiga hand. Vi virrar vidare mot Maggie Thatchers credo frå 1987: *Det finst ikkje noko slikt som eit samfunn.*

Dogmet er tydelig over alt. Du må finne deg i å bli målt, voge, vurdert, dømt, avvist. På skulen. På Tinder. På snapchat. I tv-ruta. I talentkonkurransar. I avisspaltene. På audition. På fotballbanen. På kjønnsmarknaden. På arbeidsmarknaden. Alle sosiale arenaer hermar marknadens logikk.

I populærkulturen er vanlige folks talent og begjær og kjensleliv forbruksmateriell. Deltakarane i eit tv-show er alltid utbyttbare, dei kan erstattast med nye folk som kjem med sin appetitt og si lyst. Det varige og heltemodige er alltid dommarpanelet og dei som serverer sine vurderingar av deg. Slik speglar populærkulturen dagens gyldige ideologi av utvelging, avvisning og kategorisering i eit strengt hierarki.



Dei sju mennene i dette stykket lever her og no, dei lever innanfor dette regimet av klassifisering og verdsetjing, dei forsøker å finne sin veg i det, dei har av ulike grunnar hamna i posisjonar på utsida, dei er krigarar, drømmarar, offer, einsame, einslige, enkemann, skadde og lengtande, og dei kjempar fortvilt for å komme seg inn igjen, inn i varmen, inn i fellesskapet.

Dei jagar etter ei forklaring på og ei forståing av dei augneblinkane i livet som har vore formative og djupe og avgjørande. Dei forsøker å forklare såra og arra som dei er påført. Kva skjedde, eigentlig? Korfor handla eg slik? Kvar går eg vidare etter dette? Somme gongar kjem dei spørsmåla ut som rop, somme gongar som stillheit og somme gongar som ein song, ein låt frå den gong då, ein låt frå det som ligg i framtida.

Ein kultur og ein ideologi som legg så sterk vekt på å dømme, på å klassifisere og skape hierarki, rammar vanlige folk hardt, rammar både jenter og gutter, kvinner og menn, heterofile og homofile, men ein god del menn kjem dårligare ut av denne evige og kroniske dommen, fordi dei ofte har bygd ein svakare emosjonell infrastruktur rundt seg. Dei manglar språk, dei manglar vennar som dei kan snakke opent med, dei manglar eit sikringsnett som fangar dei opp når dei fell.

Ja, då tar det gjerne tjue år før tårene kjem. Jækla menn.

Dette veit vi no. Når denne typen menn blir til menn som ingen treng, kan fortvilinga og kvalene komme ut som alt anna enn fredelige tårer. Desperasjon kan føre til at ein snur seg mot falske profetar som seier at ein må vere hard for å vere mann, ein må jobbe hardare for å vere ein ekte mann, ein må vere røff og kompromisslaus mot kvinner og barn for å vere maskulin. Desperasjon kan bli snudd til vald eller vondskap eller overgrep.



Sår og mismot kan likevel vendast til innsikt og endring. Det er noko djupt menneskelig i å lengte etter ein ny sjanse. Desse mennene som kjem på scena for å fortelje sine historier, dei ser etter ein grunn til å stå opp kvar morgen. Dei aner kanskje at i tapet og i smarta finst det ein veg, eit lys, noko som kan lindre eller gi mening. Dei leitar etter ei opning, ein ny start, eit nytt liv.

Dei leitar etter det vi alle leitar etter. Dei vonar og trur på noko som er større enn dei sjølv, større enn individet, betre og viktigare enn det ein sjølv maktar å vere kvar einaste dag. Og løysinga ligg kanskje i det som Kate Bush syng mens ho held rundt den fortapte og rådville mannen:

*Ikkje gi opp, du har framleis oss.*









# *MENN SOM INGEN TRENG*

**Av:**

Frode Grytten

**Regi og bearbeidelse:**

Lasse Kolsrud

**Scenografi:**

Bård Lie Thorbjørnsen

**Kostymedesign:**

Milja Salovaara

**Lysdesign:**

Silje Grimstad

**Musikalske arrangement  
og musikalsk ledelse:**

Helge Lilletvedt

**Koreografi:**

Belinda Braza

**Dramaturg:**

Lillian Bikset

**Inspisient:**

Tina Horrisland Engedal

**Lysmester:**

Anne E. Bergendahl, Dag Tømmerbakke

**Maskør:**

Tetiana Muzika

**Kostymeansvarlig:**

Linn Therese Michelsen

**Lydtekniker:**

Rune Bjørøy

**Sceneteknisk ansvarlig:**

Rune Hovde

**Rekvisitør:**

Cathrine Hopstock

**Sufflør:**

Britney Elise Sudmann-Mack

**Upremiere 6. april 2024,  
Store Scene**

---

Varighet: ca. 2 timer  
(ingen pause)









# Fordeler hele livet

Som OBOS-medlem stiller du foran i køen den dagen du skal kjøpe egen bolig.

Du får også en rekke andre fordeler alle de årene du ikke benytter deg av forkjøpsretten.

- Inntil 50% rabatt på bolig- og kulturtildbud
- Svært gode betingelser på lån, sparing og forsikring
- Forkjøpsrett på ca 90.000 nye og brukte OBOS-boliger

Les mer på [obos.no/blimedlem](http://obos.no/blimedlem)



Den Nationale Scene, Pb 78, Sentrum, 5803 Bergen, tlf: 55 54 97 00

Billetter: dns.no, tlf: 55 60 70 80, dns@dns.no

Ansvarlig redaktør: Solrun Toft Iversen

Foto: Andreas Roksvåg

Trykk: Aksell AS | Med forbehold om endringer og trykkfeil